

forum for  
natur og friluftsliv  
Sogn og fjordane

## Referat frå fellesmøte Sandane 4.- 5.11.2011

### Deltakarar:

Lars Olav Rylandsholm, Kystlaget Hornelen  
Thorleif Jakobsen, Naturvernforbundet  
Marino J. Ask, Sogn og Fjordane Turlag  
Linn Christin Fløholm 4H  
Eirik Vikøren, 4H  
Elisabeth Dahle, FNF  
Einar Skram Husabø, FNF

### I tillegg var desse med som innleiarar:

Magne Larsen, Firda vgs  
Tor Yttri., Bratt Moro  
Joar Helgheim, Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Svein Arne Skuggen Hoff, Sogn og Fjordane fylkeskommune


### **Friluftssenteret Nordfjord Magne Larsen, Firda vidaregåande skule**

Orienterte om planar for friluftssenter i Nordfjord i regi av Firda vidaregåande skule. Dei har fått regionale utviklingsmidlar frå FK for å styrke satsinga på friluftsliv, tilby Programfag friluftsliv og styrke skulen som regional utviklingsaktør. Firda vgs Mediesenter, Friluftssenteret Nordfjord og Realfagsenter med Newton rom er viktige deler i Firda kompetanse (arbeidslivskontrakt). Aktuelle tema i arbeidet er turstiprosjektet, aktivitetsleir, friskvern, kursverksemd, pådriver nettverksammarbeid, reiselivsnæring, senter for guideutdanning, gründercampar og pakkeløysingar for nye kundegrupper.

På sikt er intensjonen å søka om ei landsdekkande line for friluftsliv og økoturisme. Dei må skaffe delfinansiering for ein forsøksordning for å få starta opparbeiding av eit slikt tilbod. Innhald vert mykje friluftsliv, guidekompetanse og entreprenørskap. FNF deltek i styringsgruppa for dette arbeidet.

### **Planstrategi som verktøy for utvikling og grunnlag for strategiske val Svein Arne Skuggen Hoff, Sogn og Fjordane fylkeskommune**

Understreka at planlegging er å få folk til å medverka i prosessar for utvikling. Følgje av dette er at samhandling er ein føresetnad for samfunnsutvikling og at organisasjonar finn fram til felles mål å arbeida mot.



forum for  
natur og friluftsliv  
Sogn og fjordane

Kommunar er ofte svake på samfunnsutvikling fordi dei har nok med tenesteproduksjon. Deira planlegging er no nye 4-årsplanar etter kvart kommuneval, og desse planane kan alle koma med innspel til.

Sogn og Fjordane si utfordring framover er i hovudsak å skaffa nok innbyggjarar, ikkje arbeidsplassar. Difor er det attraktiviteten vår som no er aller viktigast!

Han oppmoda friluftsgeselskapane til å dokumentera aktivitetane sine som grunnlag for fylkeskommunen sine statistikkar. Desse er igjen svært viktige for politisk styring og tiltak i fylket. FK har ein statistikkbase [www.fylkesspegelen.no](http://www.fylkesspegelen.no), her manglar statistikk for friluftsliv.

Fylkeskommunen er interessert i oversikt over uutnytta potensial i friluftslivet i fylket og er villige til å leiga nokon til å gjera dette arbeidet. Strategiplanen skal vera ferdig til juni 2012 og det gjeld å koma i gang med dette. Planen kan godt definera ulike strategiar for dei forskjellige delene av fylket.

FNF og organisasjonane har fått tilsendt deler av høyringsdokumentet for planstrategi i fylket. Aktuelle tema for oss å gi innspel til er del 10 Klima, del 11 Arealbruk / natur / miljø og ressursforvaltning, men og innan andre samsunnssektorer som influerer våre virkeområde. Frist for høyringsfråsegn er sett til **15. nov 2011** og er endeleg! Viktig spørsmål er om vi har andre interesser enn dei som er komne med i dokumentet.

## **Gruppearbeid**

Sentrale utfordringar for friluftslivet:

Mangel på verdifastsetjing av landskap.

Svak eller manglande grunnfinansiering av organisasjonane.

Fylkeskommunen framstår først og fremst som ein næringsorganisasjon.

Det må opprettast eit politisk utval som skal ha ansvar for miljø og friluftsliv.

Bustadområde må planleggast med tilgjengelege aktivitetsområde/stiar i nærmiljøet.

200 km<sup>2</sup> kystareal er planlagt som vindindustriområde.


## **Kvifor veks innbyggjartalet i Sogndal?**

**Tor Yttri, Bratt Moro**

Minst 80 personar har flytta til Sogndal, Luster og Leikanger siste 3 åra på grunn av dei moglegheitene som naturen her gir.

Fjellsportfestivalen og arbeidet med den har generert mange effektar. Tor Yttri viste fleire døme på flotte filmar og reportasjar som er laga. Dei har hatt god dialog med Nrk og kome godt fram i riksmidia. Andre filmar er lagt ut på you tube og knytt til større kjende ski- og friluftsmiljø. Det heile har ført til at Sogndal har vorte sett på kartet i store nasjonale og internasjonale magasin som destinasjon for laussnøkjøring med svært høg kvalitet. Profilerte og proffesjonelle utøvarar har vore med om å underbygge desse kvalitetane.

Sogndal har vorte godt kjend for sine gode vilkår for å kunne driva aktivt innan fleire områda av friluftsliv, også på svært høgt nivå.



forum for  
natur og friluftsliv  
Sogn og fjordane

Studenttala i Sogndal har hatt god auke dei siste åra og bygda har rekruttert mange personar innan ulike fag og miljø truleg grunna den tydelege og gode marknadsføringa av friluftslivet og fantastiske høve for å driva aktivt.

Det har og vore god samhandling mellom ulike kulturaktørar i bygda, slik at breidden av kulturtilbod har kome godt fram.

Bulystmidlane vert no bl.a nytta til foto- og filmdokumentasjon ved oppretting av digitale verkstad.

## Definisjonar

### Joar Helgheim, Sogn og Fjordane fylkeskommune

**Berekraft** er eit utvatna fyndord frå Brundtlandkommisjonen sin rapport frå 1987. Uttrykket vert i dag brukt i mange samanhengar der det ikkje høyrer heime, men dei gode definisjonane på ordet kan vera slik:

- Ressursbruk utan overforbruk = kan brukast i evig tid utan å bli oppbrukt.
- Kan også brukast om ressursar som kan gjenbrukast.
- Ei utvikling som imøtekjem dagens behov utan å øydeleggja mulegheitene til komande generasjonar.

### Miljø og miljøvenleg

- -som tek vare på omgjevnadane våre. Kan gjelda nærmiljøet eller heile kloden.

Dette blir til slutt eit etisk spørsmål om kva ein kan gjera eller ikkje, sidan val som me gjer kan få konsekvensar for andre. Det er for eksempel ikkje miljøvenleg å flytte ein miljøfiendtleg produksjon til Kina for å bli kvitt problemet.

### Klima

- Er resultat av gjennomsnittsvêret over ein 30-års periode.
- Menneskjet påverkar klimaet ved å sleppa ut gassar som endrar vêrlaget ut over det som elles ville ha skjedd.

### Til ettertanke

Lågkarbomat er ikkje berekraftig eller miljøvenleg fordi den treng store areal til produksjonen. Vindkraftanlegg er ikkje klima-/miljøvenlege om dei ikkje erstattar anna dårleg kraftproduksjon. Dei er heller ikkje miljøvenlege om dei gjer stor skade på naturen.


Det er ikkje berekraftig i å late private initiativ styre utviklinga. Felles planar og mål må til, elles er det kun eigeninteressene som styrer.

7% av befolkninga på jorda står for 50% av klimagassutsleppa.

Å delta aktivt i demokratiet og i friluftorganisasjonane er det viktigaste me kan gjera for å skapa eit meir berekraftig samfunn.

### Gruppearbeid

Friluftslivet er svært avhengig av eit levedyktig og aktivt landbruk i levande bygder, med intakt kulturlandskap for å utfolda seg.



forum for  
natur og friluftsliv  
Sogn og fjordane

God kollektivtransport, mobiltelefondekning og breiband er viktig. Det er miljøvenlege løysingar.

Sogn og Fjordane er mellom dei største friluftslivsfylka i landet og bør få eit mastergradsstudie i friluftsliv.

## **Hytter eller fast busetnad ?**

**Elisabeth Dahle, FNF**

Hyttebygging skjer ikkje alltid etter planlagt strategi, men ad hoc etter ønskje frå privat utbyggjar. Kommunane bør vurderer om dei i staden for å tilby attraktive tomter til hyttebygging skal tilby dei til folk som vil bu der fast. Med hyttebygging i strandsona kjem også badestrendene under press. Skal desse vera for dei fastbuande, eller skal dei privatiserast?

Sogn og Fjordane har ein lang kyst, men forholdsvis minst tilgjengeleg strandsoner i landet med kun 13%.

Skal me sikra vekst og utvikling i fylket må me prioritera å skaffe hus til folk som vil bu her. Og me må sikra dei viktigaste naturkvalitetane og nytta dei til fremje gode bumiljø av høg kvalitet. Det er her fylket bør ha store fortrinn framfor større urbane byar.

84% av dispensasjonsøknader om utbygging i strandsona vert innvilga. Mykje dispensasjonsaker er uheldig då dette bygger opp under meir ad-hoc utvikling og mindre målretta og ønska utvikling. Det er uheldig når kommunane ikkje har kapasitet til å drive langsiktig utviklingsarbeid og politkarane søker kortsiktige populære løysingar.

Organisasjonane har ei viktig rolle med å formidla og gi viktige innspel til analysearbeidet mot gode strategiar.

## **Arbeidsplan og budsjett 2012**

Forslaget til arbeidsplan vart utvida med å arbeida for å klargjera moglegheiter for eit verneområde på kysten med fokus på landskap, kultur og fugl.

Budsjettet vart vedteke som det var føreslege

## **Fellesuttale frå møtet**

Det vart gitt ein fellesuttale frå møtet.

Sandane 5. november 2011

Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane

Einar Skram Husabø